ALVER
KOMMUNE

Arvid Villanger
Rossnesvegen 414
5937 BØVÅGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Morten Mangerøy Helland | 15.07.2021 |
| Vår: 21/4779 - 21/50480 | morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no | |

# Retting av grense i matrikkelkartet for gbnr 417/14, 19 og 3 - Alver kommune

Kommunen har fått ein henvendelse frå eigar av gbnr. 417/14 og 417/19 angåande feil i matrikkelkartet. Dei ber om feilretting med utgangspunkt i skylddelingsdokument.

Etter gjennomgang av skyldskifte for eigedomane er det tydeleg at det som ligg i matrikkelkartet i dag er feil. Ut i frå retningar og avstandar frå skyldskiftedokumenta har me prøvd etter beste evne å rekonstruere eigedomane. Grensebeskriving for eigedomane (417/3, 417/14 og 417/19) er vedlegg til dette brevet. Me har laga til eit kart med forklaringar som samsvarar med skyldskifte.

I det sørvestre hjørne av det som er foreslått som gbnr. 417/19 og i punkt 14-1 kan ein i det historiske ortofotoet sjå kvite flekkar på bakken. Dette er sansynelegvis signal som er lagt ut på grensene, det stemmer og veldig godt med utskiftingkartet som og er vedlagt og med avstandar som er oppgitt i skyldskifte.

**Grensa mot fylkesvegen:**
Grensa mot vegen ligg inne som ei fiktiv grense, i denne rettinga vil me ikkje gjere endringar på denne grensa, men digitalisere punkt inn i linja sånn som den ligg i matrikkelen i dag.

**NB:**
Føremålet med rettinga er kun å forbetre kartet, det er grensene i marka og skylddelingsdokument som er rettsleg bindande. Denne rettinga er ikkje ei endring av grensene men ei retting av feil i kartet. Kartet vil fortsatt ha usikker kvalitet etter denne rettinga. Skal grensene ha god kvalitet i kartet må det rekvirerast oppmålingsforretning.

Alle berørte partar vert med dette varsla om forslag til retting, og me ber om at dersom du har merknadar til rettinga gjer oss ei tilbakemelding innan **12.08.2021.** Dersom me ikkje høyrer noko innan den datoen vert grensene ført i matrikkelen som beskreve.

Ved vidare kontakt i saka, ver vennleg å referer til saksnummer 21/4779. For eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast.

Vedlagt føl skyldskifte som er nytta til å rekonstruere grensene, samt forslag til retting med diverse påteikningar og forklaringar.

Med helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Historisk orto forslag
Historisk orto reint
Matrikkelkart forslag
Matrikkelkart med grenseforklaring
Skyldskifte 417-3
Skyldskifte 417-14
Skyldskifte 417-19
Utskiftningskart

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arvid Villanger | Rossnesvegen 414 | 5937 | BØVÅGEN |
| Else Stevnebø | Øvre Bergveien 35 | 5152 | BØNES |
| Geir Arne Bjorøy | Nilsvikvegen 10 | 5177 | BJØRØYHAMN |
| Gunnvor Soltveit | Bispengsgaten 3 | 5018 | BERGEN |
| Ivar Stevnebø | Øvre Bergveien 35 | 5152 | BØNES |
| Kjell Atle Bjorøy | Nilsvikvegen 8 | 5177 | BJØRØYHAMN |
| Kjersti Trageton | Myrdalskogen 449 | 5117 | ULSET |
| Knut Høydal | Bergveien 31 | 5152 | BØNES |
| Mariann Bjorøy | Kvernevika 18 | 5114 | TERTNES |
| Sigurd Trageton | Myrdalskogen 257 | 5117 | ULSET |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Åslaug Trageton | Farvikvegen 37 | 5124 | MORVIK |